



Seim Bygg AS
Terje Seim
Nesbrekka 28
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/383 - 19/4711

Saksbehandlar:
Irene Wilhelmsen
Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:
01.03.2019

Tillatelse til avkøyrsløve frå kommunal veg - gbnr 56/164 Hundvin

Tiltak:

Byggjestad: Gbnr: 56/164
Tiltakshavar: Bent Arne Rognaldsen
Ansvarleg søkjar: Seim Bygg AS

Delegasjonssak nr.:

Saka gjeldt søknad om ny avkjørsel til kommunal veg for 1 ny bustadeining datert 08.02.2019.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Søknaden gjeld avkøyringsløyve for 1 ny bustad. Tomta er regulert, plan «Hundvin. Alt. C - 27041981» og vegen frå tomta er regulert som offentleg trafikkområde men er ikkje overtatt til kommunal drift og vedlikehold. Då avkøyrsløve ikkje er regulert i reguleringsplanen, skal vegavdelinga gi avkøyringsløyve med heimel i veglova.

Vurdering/drøfting:

Tomta ligg i enden av regulert veg, ved snuhammar og regulert leikeområde.

Det er lagt inn ei frisiktsone på 3x20m i avkøyrsløve og sikttrekantane er innanfor eigen eigedom og vegareal. Dette er siste eigedom langs den regulerte vegen, men det er moglegheit for forlenging av veg dersom det kjem ein ny reguleringsplan i forlenging.

Då dette er endetomt mot leikeareal vil sikt vere eit viktig moment. 3x20m er minste krav i fartsgrense 30km/t. Dette kan godkjennast då ein kan vente låg fart og ingen gjennomgangstrafikk i enden av ein veg. Det er krav til å kunne snu på eigen grunn. For personbil er det ynskjeleg med eit snuareal på 6mx9m slik at ein skal kunne snu i ein operasjon. Det er eit lite areal i følgje teikninga som hindrar ein personbil frå å snu i ein operasjon, men det er mogleg for ein personbil å snu på eigen tomt dersom ein snur i fleire operasjonar. Dette er ikkje ideelt, men teikninga viser dobbel garasje som biloppstillingsplass, så det skal difor vere mogleg å snu ein bil dersom det ikkje vert sett opp andre hindringar på plassen framfor garasje og inngangsparti.



Samandrag/konklusjon:

Det kan gis tillatelse til avkøyring mot vegen som er regulert til offentlig veg.

Vedtak:

Lindås kommune gjev løyve til oppretting av avkjørsel til regulert kommunal veg for eigedom med gbnr 56/164 med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «almennelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsona kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsle.
- Plassering av avkjørsle kan ikkje avvike frå vedlagt situasjonskart og vedlagt målsett teikning av uteareal/snuareal.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsle ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Rune Kilen
avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen
ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Seim Bygg AS

Nesbrekka 28 5912

SEIM